

2026.03.03

Referat frå medlemsmøte Equinor Seniorklubb Mongstad tirsdag 3. mars.

Arvid ynskte alle velkomen med litt info om dagen; navnedag er Gudveig og Gudbjørg.

Der er 20 medlemar som har bursdag i mars, ingen har 3. mars og ingen har rund dag. Som velkomstsang vart det sunge «Den glade Vandrer» med Vidar Lønn Arnesen som forsangar.

Reidar Ulvøy og Kåre Tvedt kunne diverre ikkje koma for å dela info om U864. Det heile grunna ein misforståelse om dag og dato.

Med dette som bakgrunn kom Arvid så med litt annan info for å nytta ledig tid;

Fordeling av arbeidsoppgåver i det nye styret; der nestleiar kallar inn til styremøte og medlemsmøte, sekretær skriv referat frå alle møte og Eivind tar seg av oppdateringar på heimasio og i Styre Web, kasserar held fortsatt orden på det økonomiske og Frøydis kontaktar aktuelle personar om undrhaldning.

Økonomisk støtte frå Equinor er sett til kr. 1.200.- pr. tidlegare ansatt, totalt kr. 196.000.- for 2026

Det vert truleg endring på møtedato for styremøte då innbetalingar av eigenandel foretatt lørdag/søndag ikkje kjem kasserar i hende før tirsdag, same dag som planlagt medlemsmøte. For å letta oversikten til kasserar vert truleg frist for påmelding og innbetaling sett til veka før medlemsmøte.

Arvid gjekk så gjennom kva informasjon ein kan finna på heimesida, der mellom anna alle møte og turar er lagt inn i kalendaren. Ved å klikka inn på desse datoena finn ein så meir informasjon om både møte og turar frå turnemnda.

Der er så langt ikkje planlagt noko underhaldning på medlemsmøte til hausten.

Jan Arild Lindaas informerte så litt om turen til Bergen og forstillinga til Karoline Kruger & Del Barco, berre positive tilbakemeldingar. Det vart også påminna om turen til Hardanger 19. – 21. mai.

I pausar ved tildeling av informasjon hadde Arvid kontakt med Kåre Tvedt, der tilbakemelding var at Reidar Ulvøy skulle koma innom og orientera om U864.

Demed vart maten servert medan me venta på Reidar.

Reidar orienterte så om sinn bakgrunn som Subsea.operatør, kontaktar med departement og diverse utvalg, der det synte seg at mange personar som skulle avgjera vidare arbeid med tildekking/heving av U864 ikkje hadde noko fagleg bakgrunn med arbeid på havbotn.

Etter påske skal Reidar og personar frå Subsea -miljøet i møte med departementet for vidare handsaming av aksjonar vidare.

Etter at Reidar hadde svara spørsmål vart det avklart at me prøver å få Kåre og Reidar til å dela ny informasjon frå dette møtet.

Det prøver me i så fall å få til på medlemsmøte 5. mai.

Mvh

Ottar Rosnes